



Sak nr 19/2012

Møtedato: 20.6.12

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: S628

## S628, Nørre Trøllhøvd – søknad om nytt fjøs

Torill Trøen søker om å få føre opp nytt fjøs på stølen på Nørre Trøllhøvd. Fjøset er på 9 x 12 m, med fråtrekk for inngangsparti, blir bebygd areal 100 m<sup>2</sup>. Det nye fjøset skal plasserast på same stad som det gamle fjøset og det må då rivast. Teikningar og kartskisje er lagt ved søknaden.

Søkjaren driv fôrproduksjon til eigne dyr; hest og fôringsdyr og litt sal av fôr. Det er dyrka 15 daa heime og 92 daa på stølen. I 2008 fekk søkjaren utvist 44 daa stort tilleggsareal og godkjent treningsbane for hest i ytterkant av stølsjordet. Arbeidet med banen er planlagt ferdigstilt i sumar. I tillegg til drift med eigne dyr, vil ein ta inn travhestar for trening og rehabilitering. Det er ein føresetnad for ei slik drift å ha stallplass til hestane. Fjøset vil også bli brukt som reiskapshus for eige utstyr og for maskineigarlaget på Nørre Trøllhøvd. Maskineigarlaget, som søkjaren er medlem av, har fram til no lagra utstyre ute på stølen til Trøen. Dette er ikkje noko god løysing. Informasjon om maskineigarlaget har Trøen opplyst på telefon til fjellstyret den 20.6.12.

Stølen er i bruk og søknaden skal behandlast etter § 10 i stølsforskriftene der det heiter:

*Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal taka stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og det kan setje vilkår. Før fjellstyret gjer vedtak skal saka leggjast fram for Statskog til fråsegn. Dersom fjellstyret vil krevje at hus som alt står, skal rivast, må saka føreleggast for regional kulturminneforvaltning til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved endring eller utviding av hus på seter.*

Søknad er oversendt fylkeskommunen og Statskog 24.5.12 og detaljerte teikningar er ettersendt 11.6.12.

Kulturarveininga i fylkeskommunen skriv i e-post datert 20. 6.12 følgjande: *Skissene som er framlagt oss er lite detaljert. Kulturarvenheten vil ikke motsette seg at eksisterende fjøs rives og at det oppføres et nytt, men med forbehold om at det bygges i henhold til lokal tradisjon og byggeskikk. Dette gjelder også fargevalg/overflatebehandling.* Fjellstyret vil presisere at ein har oversendt detaljerte teikningar den 11.6.12 og på nytt den 20.6.12 etter fjellstyret mottok uttale.

Statskog skriv i brev datert 12.6.12 følgjande:

*...Som vi skrev i vårt brev av 11. november 2008, regnes ikke areal og anlegg for hest som landbruksformål. Dette innebærer at seterforskriften ikke hjemler muligheten for å bygge fjøs/stall til bruk for hester. Vi anser derfor dette som en grunn disponeringssak, jf fjellova § 12. Av den grunn ber vi fjellstyre om uttale i saken.* Statskog opplyste på befaring den 18.6.12 at dette var eit tiltak som vil krevja festekontrakt, men Statskog har ikkje teke stilling til storleik på festeavgift.

Søkjaren har frå før eit fjøs på 44 m<sup>2</sup> på stølen. Ved oppføring av nytt fjøs vil dette bli rive. Riving av eit eldre bygg for oppføring av nytt, reknar ein på lik line med vedlikehald. Det ekstra arealet det blir søkt om er 56 m<sup>2</sup>. Arealet som er avsett til boksar for hest er 30 m<sup>2</sup>. Boksane skal også brukast til foringsdyr ved t.d. sjukdom. Resten er lager, bod og wc. Det er lite areal som er eksklusivt til travhest. Stølsbrukaren vil kunne få føre opp eit nytt fjøs med same areal som i dag. For lagring av utstyr vil det også kunne gjevast løyve til oppføring av eit reiskapshus på 56 m<sup>2</sup>. Størstedelen av det dyrka arealet til bruket Solberg er på stølen. Det er lite rasjonelt å bygge nytt reiskapshus heime og for å transporter utstyr fram og tilbake frå stølen. Ved å føre dette opp i ein bygning i staden for to bygningar, vil det bli ei langt billigare løysing. Bygget blir også meir fleksibelt for framtida, slik at dette lett kan gjerast om til mjølkeproduksjon eller anna driftsform om dette aktuelt. Det tener også lagringsbehov for dei andre bruksberettiga i maskineigarlaget på Nørre Trøllhøvd.

Fjellstyret deler ikkje Statskog sitt syn på at tiltaket ikkje kan gå inn under stølsdrifta. Stølsforskrift legg opp til at ein kan ha anna næring kombinert med meir tradisjonell stølsdrift, for eksempel småskala turisme. Drift med ridehestar til turistar i kombinasjon med foringsdyr er ei drift som utan tvil vil bli godkjent. Søkjaren har opplyst at det kan leggast om til slik drift, men meiner det er eit større inntekspotensiale i den drifta som er planlagt. Høgdetrening av hest er det ingen andre som tilbyr. Kva drift som kan reknast som småskala turisme er også noko som det ikkje er nokon klar definisjon av. Det er meiningslaust om det er avgjerande at den som fører hesten sit bak hesten i staden for på hesteryggen. Det som er viktig er at dette er ei drift som støttar opp under drifta av garden. Siste revisjon av stølsforskrift i 2009, var nettopp ei utviding av stølsbegrepet for å sikre drift på stølane. Dette er også i samsvar med at bruksrettane kan utvikle seg i samsvar med tida og tilhøva, jf. §2 i fjellova.

I landbruksmeldinga har regjeringa signalisert at ein ynskjer å vidareutvikle bygdenæringar ved næringsutvikling basert på ressursane i landbruket. Ei eige avsnitt (8.8.8) om hestehald står det at landbrukssyresmaktene skal arbeide for å synleggjera og vidareutvikle hestens potensial innan verdiskaping. Frå landbruksmeldinga: *Entreprenørskap i landbruket handler om å identifisere økonomiske muligheter og skape lønnsomme produkter eller tjenester med utgangspunkt i gårdens samlede ressurser. Videreutvikling av de mange bygdenæringene er ikke bare avhengig av dyktige enkeltindivider, men også av en politikk som støtter etablering av ny virksomhet.* Regelverket er ikkje hindringa, men det er Statskog og SLF si snevre tolking av kva landbruk og stølsbruk er. Dette må samsvare med landbrukspolitiske mål

I stølsforskrift § 6 er det presisert at det skal kunne visast ut støl til formål som går ut over mjølkeproduksjon: *Departementet legg til grunn at fjellstyret nå og bør kunne utvise seter til formål som går ut over mjølkeproduksjon. Eksempel på dette kan vere beiting av ungkyr, kyr for kjøttproduksjon eller ammekyr. Det kan òg vere utvising til ei driftsform der det blir teke sikte på ein kombinasjon av tradisjonell seterdrift og småskala turistmessig verksemd på setra.* Dette er ikkje ei utfyllande liste, men det står at det er eksempel på aktuelle driftsmåtar. Det er avgjerande at verksemda er ein integrert del av hovuddrifta på jordbrukseigedomen og støttar opp om drifta av denne. Det er å merke seg at dette er krav for å få vist ut ny støl, men det er ikkje like strenge krav for å kunne utnytte bruksretten. I forarbeidet til lova står det at ein har krav på å få utnytte bruksretten sjølv om drifta på garden er sterkt redusert, så langt bruken er knytt til den jordbruksdrift som er. Dette er også stadfesta av Høgsterett i Molorsaka.

Etter fjellov og stølsforskrift skal forvaltninga fremje næringsutvikling i bygdene. Fjellstyret har vanskar med å sjå at Statskog praktiserar eit slik mål. Fjellstyret deler ikkje Statskog sitt syn om at oppføring av nytt fjøs er ei grunndisponeringssak etter §12 i fjellova som krev festekontrakt og festeavgift. Etter fjellstyret sitt syn er dette ei næring som ligg innanfor bruksretten. Uavhengig av om søkjaren har ei drift med hestar for trening og rehabilitering, finn fjellstyret at det er eit behov for kombinert reiskapshus og fjøs på 100 m<sup>2</sup> i samband med storfedrift.

Det er fjellstyret som har kompetanse til å vurdere behovet for hus på stølen, jf. § 10 i forskrift. Statskog skal uttale som om tiltaket er i konflikt med grunneigarretten og ev. vurdere om stølen er i bruk. Adm.dir. i Statskog, Øistein Aagesen, deler fjellstyret sitt syn og stadfestar dette i brev datert 20.1.12: *... Når det gjelder bygging på støl er dette areal utvist til utøvelse av bruksrettigheter og således ikke areal som Statskog som grunneier kan disponere over så lenge stølen ikke er falt i det fri. Ut fra denne vinklingen er jeg enig med fjellstyret i at Statskog ikke har en interesse i hvorvidt ny/tilbygget blir av den ene eller andre størrelsen. Siden Statskog skal ivareta grunneirollen er det imidlertid av betydning at fjellstyret saksbehandler på riktig lovgrunnlag. Vurderingene av stølens rettslige status (i bruk/ikke i bruk) er av avgjørende betydning for hvilken rådighet eieren av bygningen kan få innenfor regelverket (sml. §§ 10 og 11) og av betydning for når stølen faller i det fri.*

#### **Vedtaket:**

Fjellstyret finn at det er behov for omsøkte fjøs og godkjenner søknaden etter § 10 i stølsforskriftene, på vilkår av at eksisterande fjøs blir fjerna.

Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket. Byggeløyvet er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden. Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Torill Trøen var inhabil i behandling av saka og saka og Arild Bratrud møtte som varerepresentant.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 25.6.12

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Torill Trøen  
Vestre Slidre kommune  
Statskog  
Oppland fylkeskommune, Kulturarvenheten